



Arkivnr: 2016/4186-4

Saksbehandlar: Kathrin Jakobsen

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		22.09.16

**Hordaland fylkeskommune sitt samarbeid med Cardiff Council og Norwegian Church Art Centre****Samandrag**

I FUV-sak 14/2016 vedtok Fylkesutvalet: «Ein ber om at samarbeidet med Cardiff vert vurdert gjenopptatt.» I FT-sak 97/2015 blei Tom Sverre Tomren (MDG) vald inn som medlem i Norwegian Church Advisory Committee i Cardiff for perioden 2015-2019. Neste styremøte er i september 2016.

Den første samarbeidsavtalen med Cardiff Council blei inngått i 1993 og fornya i 2000. Samarbeidet har utgangspunkt i attreisinga av Den Norske Sjømannskyrkja frå 1866 i Cardiff Bay. Fylkesordførar/fylkesvaraordførar har kvart år deltatt på juletretenninga utanfor sjømannskyrkja saman med orføraren i Cardiff. Cardiff Council avvikla denne aktiviteten i 2014 pga økonomiske innstrammingar. Cardiff Council har også trekt seg ut av andre samarbeidsaktivitetar.

Fylkestinget har vald ein representant til Norwegian Church Advisory Committee i starten av kvar fylkestingsperiode. Ingen av dei som har hatt dette vervet har møtt sjølve på styremøta, men blei over fleire år representert av ein medarbeidar i Cardiff Council som hadde ansvaret for internasjonale samarbeidsaktivitetar. Denne stillinga blei trekt inn av økonomiske grunna. Etter dette har Hordaland fylkeskommune ikkje vore representert i styret. Dersom ein fylkestingspolitikar i fortsetjinga personleg skal stille på møta, vil dette bety ei reell opptrapping av samarbeidet med sjømannskyrkja.

Ein viktig føresetnad for eit vellukka samarbeid er ei aktiv deltaking frå regionale/lokale myndigheter. At Cardiff Council har måtta nedprioritere aktivitetar knytt til sjømannskyrkja, men også andre samarbeidsaktivitetar, er noko vi må respektere. Ei gjenopptaking av desse aktivitetane kan vi kun vurdere dersom det kjem ein konkret førespurnad frå Cardiff Council om dette. Likeleis er det eit passande tidspunkt for å avvikle styrerrepresentasjonen vår i Norwegian Church Art Centre.

Det som er viktig er at vi vidarefører dei aktivitetane som har ein gevinst for hordalandssamfunnet og som bidrar til å dei måla vi har sett i våre planar og strategiar. Tilbodet om å ta Vg2 i Cardiff (hordalandsklassen) har vist seg å vere svært vellukka og bør difor vidareførast. Det same gjeld

utveksling av elevar og lærlingar på kortare opphold. Samarbeidet på opplæringsfeltet kan med fordel utvidast.

Samarbeid på prosjektbasis på område som Hordaland fylkeskommune har prioritert i sine planar, kan og vere aktuelt, først og fremst gjennom EU sine samarbeidsprogram.

#### **Forslag til vedtak**

1. Samarbeidet med Cardiff Council om Vg2 i utlandet (hordalandsklassen) og andre aktivitetar på opplæringsfeltet skal vidareførast.
2. Aktivitetar som Cardiff Council ikkje lenger støttar opp om, skal ikkje vidareførast. Dersom Cardiff Council tek initiativ til å gjenoppta desse aktivitetane, kan Hordaland fylkeskommune si deltaking vurderast på nytt.
3. Hordaland fylkeskommune er positive til å samarbeide med Cardiff Council på prosjektbasis.
4. Hordaland fylkeskommune avviklar sin representasjon i Norwegian Church Advisory Committee i Cardiff.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## **Fylkesrådmannen, 31.08.2016**

Cardiff er ein av Hordaland fylkeskommune sine samarbeidsregionar. Ei evaluering av samarbeidsregionane blei lagt fram for Fylkesutvalet i mai 2016 (PS14/2016). Fylkesutvalet vedtok at: «Dagens samarbeidsregionar skal vidareførast, men Skottland v/Edinburgh og Orknøyene og Normandie skal prioriterast. Her skal Hordaland fylkeskommune ha ei offensiv rolle i høve til å initiere nye samarbeidsaktivitetar. I dei andre samarbeidsregionane skal ein primært vidareføre eksisterande aktivitetar som har gitt resultat, til dømes hordalandsklassane (vg2 i utlandet), men nye aktivitetar og prosjekt med spesiell relevans for Hordaland bør følgjast opp.» Dette var i samsvar med fylkesrådmannen si innstilling. Fylkesrådmannen sitt forslag «Juletretenninga i Cardiff skal ikkje takast oppatt igjen», fell. Istaden vedtok Fylkesutvalet: «Ein ber om at samarbeidet med Cardiff vert vurdert gjenopptatt».

I FT-sak 97/2015 blei Tom Sverre Tomren (MDG) vald inn som medlem i Norwegian Church Advisory Committee i Cardiff for perioden 2015-2019. Styret har møte to gongar per år. Neste styremøte er i september 2016.

På bakgrunn av dette må vi ta stilling til kva ambisjonar vi skal ha for samarbeidet med Cardiff i tida framover og om HFK skal vere representert i styret for the Norwegian Church Art Centre i fortsetjinga.

### **Samarbeidet med Cardiff Council**

Den første samarbeidsavtalen med Cardiff Council blei inngått i 1993 og fornya i 2000. Intensjonen i avtalen var å utvikle samarbeid innan økonomi, utdanning, kultur, sport, ungdom, samfunn og «social exchanges».

Samarbeidet mellom Cardiff og Hordaland har utgangspunkt i attreisinga av Den Norske Sjømannskyrkja frå 1866 i Cardiff Bay. Dåverande fylkesordførar i Hordaland, Ole Dramdal, la ned grunnsteinen til den nyrestaurerte kyrka i 1991 og i 1992 vart kyrka opna som kultursenter. Kyrkja vart opna på nytt etter oppussing 17. mai 2011. Dåverande fylkesordførar Torill Selsvold Nyborg opna i samband med dette ein ny "Hordalandsterrasse" ved kyrkja bygd med malmfur frå Osterøy. Kyrkja er no eit norsk kultursenter – the Norwegian Church Art Centre.

Tenning av julestreet foran sjømannskyrkja Cardiff har vore ein årleg tradisjon sidan nittitallet, der julestreet har vore ei gåve frå Hordaland fylkeskommune. På initiativ frå Cardiff Council blei det i 2011 planta eit fire meter høgt grantre utanfor kyrkja. Street har i ettertid vore "hordalandsjulestreet" i Cardiff. Fylkesordførar/fylkesordførar har delteke saman med ordføraren i Cardiff på dette arrangementet, saman med musikarar frå Hordaland. I samband med juletretenninga i 2011 avduka fylkesordførar Tom Christer Nilsen og Mette Valle i frå Hordaland AUF ein minneplakett for hendingane 22. juli på Utøya. Tradisjonen med juletretenning ved sjømannskyrkja blei avvikla i 2014 på grunn av økonomiske innstrammingar i Cardiff Council, og er gjort greie for skriftleg i eit eige brev til HFK.

Avviklinga av juletretenninga betyr ikkje at samarbeidet med Cardiff Council blei avvikla i sin heilskap. Samarbeidet om Hordalandsklassen i Cardiff, dvs. ordninga med at elevar i Hordaland kan ta Vg2 ved ein skole i Cardiff, held fram og blir omtala som «Juvelen i krona» frå Cardiff Council si side. Denne ordninga er eit godt utgangspunkt for andre samarbeidsaktivitetar på

opplæringsfeltet. HFK har t.d. inngått ein intensjonsavtale med Cardiff Council om samarbeid knytt til EU sitt opplæringsprogram Erasmus +, herunder utveksling av elevar, lærlingar og tilsette, for inneverande programperiode.

Samarbeidsaktivitetar som har kravd økonomiske ytingar har Cardiff Council hatt ei passiv haldning til. HFK har t.d. vore representert på Cardiff International Drink and Food Festival sidan år 2000. På festivalen har ein av dei vidaregåande skolene i Hordaland som har matfag, ansvaret for ein stand. Sist gong vi fekk slik invitasjon var i 2012. Etter dette har vi ikkje fått nokon invitasjon sjølv om festivalen framleis blir arrangert.

HFK har i fleire år samarbeidd med Cardiff Council om volontørtenesta innanfor Aktiv Ungdom-programmet. I 2012/13 starta Hordaland fylkeskommune og Cardiff Council saman med relevante museum i kvar region, eit arbeid med å utvikle ei bilateral Aktiv ungdom-gruppeutveksling knytt til fartøyvern. Cardiff Council valde å trekke seg ut av dette samarbeidet på grunn av manglande økonomiske midlar.

Vår erfaring er at ei aktiv deltaking frå regionale/lokale myndigheter er ein viktig føresetnad for eit vellukka samarbeid. Når Cardiff Council i klåre ordelag seier at dei har måtta nedprioritere mange av dei internasjonale samarbeidsaktivitetane, meiner vi at det ikkje er riktig av oss å ta initiativ til nye samarbeidsaktivitar eller oppfordre dei til å gjenoppta t.d. tradisjonen med juletretenning. Ei slik gjenopptaking kan vi vurdere dersom det kjem ein konkret førespurnad frå Cardiff Council om dette.

I etterkant har Cardiff Council invitert HFK til Cardiff for å diskutere potensielle samarbeidsområde. HFK har takka ja til invitasjonen i eit eige brev (april 2015) og uttrykt at ein gjerne ønskjer eit breiare samarbeid på opplæringsfeltet. Vi har ikkje fått svar frå Cardiff Council på dette, sjølv om vi har purra dei i etterkant.

Det som er viktig er å videreføre dei samarbeidsaktivitetane som har vore vellukka og som gir ein gevinst i høve til dei måla og strategiane som vi har vedtatt i HFK, slik som hordalandsklassen. Regionalavdelinga ønskjer også å samarbeide med Cardiff Council på prosjektbasis, fortrinnsvis finansiert med EU-midlar, på område som vi har prioritert i våre strategiar og som kan gje ein klar gevinst for hordalandssamfunnet. Dette er og i tråd med det Cardiff Council har signalisert. Kultur- og idrettsavdelinga har uttrykt at dei ønskjer å prioritere Skottland og Normandie i si internasjonale satsing på kulturfeltet, men er opne for samarbeid med Cardiff dersom det kjem opp konkrete initiativ frå deira side.

### **Styrrepresentasjon i Norwegian Church Art Centre**

Sjømannskyrkja i Cardiff var utgangspunktet for HFK sitt samarbeid med Cardiff Council. Alle delegasjonsreisene til Cardiff har vore knytt til sjømannskyrkja og arrangement der. HFK har og vore representert i styret til Norwegian Church Advisory Committee. Fylkestinget har vald ein representant til dette vervet i byrjinga av kvar periode, men desse har ikkje delteke på styremøta sjølve. HFK har vore representert av ein tilsett frå Cardiff Council, som har hatt ansvaret for internasjonale samarbeidsrelasjonar.

Samstundes ser vi at det er nettopp aktivitetane knytt til sjømannskyrkja som blir nedprioritert frå Cardiff Council si side. På grunn av økonomiske innstrammingar i Cardiff Council, blei stillinga som var tillagt oppgåver knytt til internasjonale samarbeidsrelasjonar inndratt for nokre år tilbake. Deretter blei juletretteninga avvikla og det blei heller ikkje sett inn nokon ny person i styret som skulle represententere HFK. Vi har ikkje mottatt noko signal frå Cardiff Council om at dei vil vidareføre denne praksisen. Det vi har fått opplyst er at HFK har høve til å delta på styremøta, men må dekkje alle kostnader sjølv. Det vil heller ikkje bli gitt møtegodtgjersle. Det betyr at dersom HFK skal vidareføre styrerrepresentasjonen i Norwegian Church Advisory Committee, må vår representant sjølv stille på møta. Dette vil i så fall medføre *ei reell opptrapping* av vårt engasjement i sjømannskyrkja i Cardiff.

Ei slik deltaking i styret vil utløyse ei viss form for administrativ støtte, noko som vi ikkje har gitt tidlegare når Cardiff Council deltok på vegne av HFK. Neste år er det 25 års jubileum med mange aktivitetar. Dette vil truleg krevje at administrasjonen i HFK stiller opp. Budsjettsituasjonen for Regionalavdelinga og Seksjon for Forsking, internasjonalisering og analyse er krevjande og det er ikkje mogleg for oss å ta på oss fleire oppgåver enn det vi har i dag. Vi er derimot i ein prosess der vi skal redusere ressursbruken på dei oppgåvene vi allereie har. Det er difor ekstra viktig at vi prioritærer dei oppgåvene og aktivitetane som gir best utteljing i høve dei måla vi har sett oss i vår verksemestrategi.

Utan Cardiff Council si deltaking og støtte meiner vi at det ikkje er føremålstenleg å styrke samarbeidet med Norwegian Church Art Centre. På grunn av kapasitetsbegrensningar har heller ikkje Regionalavdelinga moglegheit til å auke ressursbruken på dette feltet. Det betyr ikkje at sjømannskyrkja ikkje gjer ein god og viktig jobb, men at vi må prioritere dei oppgåvene som i størst grad vil kunne bidra til å nå måla i verksemestrategien. Manglande informasjon og interesse frå deira side støttar opp om ei slik avgjerd.